

MENINGER

FULLT NAVN. Innlegg på trykk skal være signert og underbygges med helt spesielle behov for å være www.hamar-dagblad.no. SKRIV KORT. Innlegg leveres som e-post til mening@hamar-dagblad.no

Kva seier hesten?

Her om dagen kom det ein student til meg, både litt fortvila, men òg litt sikker i si sak. Ho hadde snubla over følgjande setning i ei barnebok: «hesten sier vrinsk». Det går då vel ikkje an å seie eller skrive det, meinte ho. Kva seier «mø». Grisen seier «nøff». Men hesten seier ikkje «vrinsk»; han vrinskar. Her måtte vi sjølv sagt gjere ein innsats og sjekke bakgrunnen til ordet.

Med det same vil ein jo kunne tru at «vrinsk» var eit såkalla onomatopoetikon, dvs. eit lydhermande eller lydmålende ord. Vrrrrriiiiinsk! Tja, etter å ha prøvd kvar for oss og litt i kor, kom vi fram til at det eigentleg ikkje høyrdest så veldig ut som ein hest. Når ein la til strekkeleg med trykk og entusiasme i det – kanskje. Som språkvtar tenkte eg elles at sk-endinga likna mistenkjeleg på ei eller anna form for avleiing. Men ville eit ord som «vrinsk» i det heile eigne seg for å herme etter kneggjelyden til hesten? Kanskje viss nokon prøvde å vrii om halsen på den? Nei, dette måtte nok under-søkjast nærmare.

Det tilsvarende engelske verbet er «whinny», som med litt fantasi faktisk kunne høyrdest ut som ein hest, og det tyske verbet er «wiehern». Det svenske ordet er «vrenskas», som i praksis er det same som det norske.

I Nynorskordboka kan ein lese at «vrinske» tyder det same som «kneggje» og at det har samanheng med substantivet «vrinsk». «Vrinsk» er då det same som «knegg», og setningsdømet som er brukt i ordboka er: «hesten sette i eit vrinsk». Tja, det stod i alle fall ikkje at hesten «sa» vrinsk. Men under «vrinsk» finn ein også adjektivet med same form. Det tyder brunstig eller paringshuga, eller også brålynt eller hissig. Bak adjektivet står det også at det er avleidd av verbet «vrine». Altså slår vi opp der.

Under «vrine» finn ein ut at det er eit sterkt verb: vrine, vrin, vrein, har vrine, og at det har samanheng med «vrinske». «Vrine» kan tyde kvine, skrike, kneggje kvast eller å lyfte nasen og øvrelippa, flekkje tenner

eller også å gjere vondt eller stikke. Men det står også at «vrine» har samanheng med det norrøne ordet «reini», som tydde hest.

Kva seier så Falk og Torp si etymologiske ordbok om ordet «vrinske»? Der står det mykje som vi allereie hadde funne ut. Men det står også meir konkret at «vrine» tyder å lyfte eller vrenge overleppa og nasen i paringslyst. Og – tru det eller ei – så kjem vi faktisk fram til ordet «vri» likevel. Men samtidig har ein også dei angelsaksiske orda «wræne» for «kåt» og «wrænsa» for kåtskap, og gammalsaksisk «wrenio» for «hingst». Både i eldre tysk og nordisk fell v-en bort, og ein hadde altså «reini» i gammalnorsk og «reine» i mellomhøgtysk, mens vi i moderne norsk og tysk helst bruker «hingst» og «Hengst» for dette kate dyret. Ordet «rein» som i «reinsdyr» har derimot ingenting med hest å gjere. Det kjem av eit indogermansk ord «*croino», som er i slekt med «horn», kan Falk og Torp fortelje.

Uansett korleis ein vrir og vender på det, ser det ikkje ut til at hesten kan seie «vrinsk». Han kan vrine og vrinske, og han kan setje i eit vrinsk, som då er å flekkje tenner og kneggje i brunst. Kan dette også bli oppfatta som ein lyd? Kanskje. Vrrriiinsk!

Orda «whinny» og «wiehern» frå engelsk og tysk blir derimot rekna til lydhermande ord. I dtv si etymologiske ordbok for tysk kan ein lese at den gamle germanske grunnforma «*hwī» gjerne blei brukt til å lage lydhermande ord med. Det islandske ordet for «wiehern» er då også «hvía», som ser veldig germansk ut, og tilsvarende har vi på bokmål og nynorsk «hvine» og «kvine». Men «hvin» eller «kvin» bruker vi jo som regel ikkje om hest. Uansett seier ein vel ikkje «han eller ho sa kvin» heller. Ein kvin – og hesten kan vrinske eller vrine eller kneggje. Men i teikneseriane står det vel gjerne «knegg, knegg»? Er det noko ein seier, eller det noko ein gjer? Tja, kva seier du?

JENS HAUGAN

Viktig å være

Anette Trettebergstuen, stortingsrepresentant fra Arbeiderpartiet, påstår i et innlegg i denne avis den 2. februar at jeg er i utakt med virkeligheten når mitt poeng er at Norge trenger mer arbeidskraft i tiden fremover. Jeg håper og tror at Trettebergstuen påstand beror på en misforståelse. Mitt inntrykk er at Spekter og Arbeiderpartiet er enige om de overordnede målene i arbeidslivspolitikken. Målet er at flest mulig skal jobbe heltid i faste stillinger. I nasjonalbudsjettet for 2012 understreker også regjeringen at aldringen av befolkningen innebærer at arbeidsinnsatsen per innbygger må øke betydelig fremover, derom vi skal opprettholde dagens velferdssamfunn. Dette har også vært det vi i Spekter er opp-tatt av.

Videre tror jeg at Trettebergstuen er enig med oss i

Målloven

Det paradoksale ved den kun-språksituasjonen er dens omveksjonitet. Mens den reelle tilsynynorsk stadig går nedover, øker politiske målstrevet i samme tak klare fakta om den virkelige språkser myndighetene som sin etterleve en udemokratisk mållokratisk lov bygger på vanlige prinsipp - bl.a. grunnprinsippkratisk stat: en person - en stemme ikke "Lov om målbruk i offentl. For sentrale statsorganer fastset det skal være" ei rimeleg kvantit mellom målformene." Loven se helt bort fra hvor mange brukere av hver målform i landet og de som "at ingen av dei to målform representert med mindre enn 1 Nynorskandelen skal med andre fra 25 prosent til 75 prosent. De samfunn med godt under nynorskbrukere. Regelverket for statsforetak er om mulig enda fastsette den såkalte flertallsfo

Juryen – og kunsten

Bildekunstnerne Linda Bakke og Knut Wold mener Hamar kommune har brutt konkurranseloven ved å gi kunstnerne ta del i dette kunstprosjektet, – skulle

anmodes om å sende inn sine ideer: Ved

Saken er blitt både på alvorlig. For tiden finn